

9.trinn – veke 22 og 23

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærar **9A:** Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærar **9B:** Dagny Markhus Skretting og Monica Dalva Valvatne for Rune P. Bore
(pappaperm)

Kontaktlærar **9C:** Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

Læringsmål denne perioden:	
Norsk	Vi avsluttar språkhistoria og startar opp med dialektar.
Engelsk	Du skal kunne lese, tolke og vidareformidle innhald frå engelskspråkleg litteratur både skriftleg og munnleg. Du skal kunne fordjupe deg i ei barne- og ungdomsbok av ein britisk forfattar.
Matematikk	Du skal kunne berekne og vurdere sannsyn og statistikk i ulike situasjoner. Du skal kunne simulere utfall i tilfeldige forsøk og berekne sannsyn for at noko skal inntreffe.
KRLE	Du skal kjenne til Lukasevangeliet og vite kven Lukas var. Du skal kjenne til Apostlane sine gjerningar og vite kven Paulus var. Du skal vite kva populærkultur er, og finne att spor av religionar og livssyn i media.
Samfunnssfag	Du skal kunne fortelje om årsaker til og konsekvensar av holocaust, og reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast.
Naturfag	Du skal kunne diskutere spørsmål knytt til seksuell og reproduktiv helse. Du skal kjenne til anatomien til reproduksjonsorgana hos menn og kvinner, og kunne forklare kvinner sin reproduksjon frå menstruasjon til fødsel.
Tysk	Du skal kunne lage og framføre ein dialog der du brukar modale hjelpeverb. Du skal kunne snakke med flyt og god og tydeleg uttale.
Engelsk fdj.	Du skal kunne hente ut informasjon frå tekstar og ulike medium. Du skal kunne delta i ulike aktiviteter, både munnleg og skriftleg.
Mat og helse	Du skal kunne vise forståing for korleis kosthald, fysisk aktivitet og andre livsstilsfaktorar påverker helse og risiko for livsstilssjukdomar.
Tema	Digitale ferdigheiter

Diverse:	<p>Utdanningsval til hausten Torsdag 5.juni skal me på nytt besøk til Bryne ungdomsskule. Hugs sykkel og hjelm! Elevane skal høre på tre nye presentasjonar om utdanningsprogram dei er interesserte i. Denne gongen kan dei også få høre dei fem som ikkje var med sist. Etter besøket skal elevane setje opp kva utdanningsprogram dei ønsker å fordjupe seg i når me skal ha utdanningsval til hausten.</p> <p>Kunst og handverk Me er i gong med maling i dette faget, og det kan difor vere lurt å ha på seg klede ein ikkje er redd for den dagen ein har kunst og handverk.</p> <p>Veve 22 Onsdag 28.mai:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vurdering i KRLE (3.time). • Grilling (elevane får pølser) og aktivitetar i skulegarden for heile skulen på slutten av dagen, kl. 13.15 – 14.25.
-----------------	---

	<p>Torsdag 29. mai og fredag 30.mai: FRI</p> <p><u>Veve 23</u></p> <p>Torsdag 5.juni: Utdanningsval på Bryne ungdomsskule før lunsj. Oppmøte vanleg tid. Me skal sykle til Bryne så hugs sykkel og hjelm.</p> <p><u>Veve 24</u></p> <p>Måndag 9.juni: FRI</p> <p>Tysdag 10.juni: Fagdag i matematikk (heile dagen). Hugs opplada iPad, kalkulator, linjal og skrivesaker.</p>
--	---

Heimearbeid veke 22	
Måndag 26	
Tysdag 27	<p>Mat og helse: Gruppe 3 og 4: Gjer ferdig oppgåvene om korleis kosthald kan bidra til god helse. De finn oppgåvene i OneNote – innhaldbiblioteket.</p> <p>Mat og helse: Gruppe 1: Dei som ikkje har levert filmen som om livsstilssjukdomar må levere til i dag.</p> <p>Matematikk: Sjå tildelt video (10.7) på Campus Inkrement.</p> <p>Norsk: 9A og 9C: De må ha manuset dykkar klart. Ta med det de treng av rekvisittar/utstyr og ver klar til innspeling/presentasjon. Innlevering i kveld kl 23.00.</p>
Onsdag 28	<p>Tysk: Jobb vidare med dialogen de held på å skrive. Hugs å øve godt på å seie replikkane dine med flyt og innleving.</p> <p>KRLE: Vurdering 3.time. Førebu deg til vurderinga – bruk målarket “Kristendommen” som du finn på OneNote – innhaldbibliotek - vurdering.</p> <p>Norsk 9B:</p> <p>Mat og helse - gruppe 3 og 4: Gjer ferdig oppgåva om ein livsstilssjukdom. (<i>Gruppe 3 kan få 45 minutt på skulen til denne oppgåva, for de mista timen sist.</i>)</p>
Torsdag 29	FRI
Fredag 30	FRI

Heimearbeid veke 23	
Måndag 2	Tysk: I dag skal dialogen de har jobba med leverast eller framførast.
Tysdag 3	Matematikk: Førebu deg til fagdag i matematikk neste veke. Målarket finn du på OneNote - Innhaldbibliotek - målark.
Onsdag 4	Norsk: Heimearbeid veke 23
Torsdag 5	Matematikk: Førebu deg til fagdag i matematikk neste veke. Målarket finn du på OneNote - Innhaldbibliotek - målark.
Fredag 6	Naturfag: Du skal velje ein kjønnssjukdom og eit preventjonsmiddel som du skal finne ut så mykje du kan om. Lever på OneNote - heimearbeid v. 23. Du skal kunne fortelje om desse to i timen i dag.